



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
20S3C0AB	06.02.2020	/	,	31.03.2020

2020 Tilsagn tiltak i statleg sikra friluftslivsområde - kap 1420, post 78 - Andaneset friluftslivsområde - Brygge, fjordsauna, tursti

Møre og Romsdal fylkeskommune har for 2020 mottatt 2 320 000 kroner frå Miljødirektoratet, på kap. 1420 post 78, som skal nyttast til tiltak i statleg sikra friluftslivsområde. Kultur-, næring- og folkehelseutvalet har i sak KNF-32/20 vedtatt ei fordeling av midlane.

Vi viser til søknad om tilskot på 1 050 000 kroner til Andaneset friluftslivsområde. Kultur-, næring- og folkehelseutvalet har vedtatt å gi dykk eit tilskot på **600 000 kroner**.

Vidare saksgang og føresetnad for utbetaling:

1. De sender ei stadfesting på e-post til post@mrfylke.no innan **01.06.20** om at tiltaket kan setjast i verk i år. Merk e-posten med saksnummer 20/474.
2. Tilskotet blir utbetalt så snart vi har mottatt stadfestinga.
3. Etter at tiltaket er gjennomført skal De sende inn sluttrapport gjennom elektronisk søknadscenter: <https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/Default.aspx>

Møre og Romsdal fylkeskommune har forståing for at tiltak kan bli utsett som følge av koronapandemien. Dersom tiltaket ikkje blir ferdig innan fristen for sluttrapporteringa, ber vi mottakar av tilskotet om ei statusoppdatering og ein dato for når tiltaket kan vere ferdig. Frist for ei slik tilbakemelding er **15.12.2020**.

Fullstendig informasjon om vilkår, utbetaling, rapportering og klageadgang står **på side 2 i dette brevet**. Vi ber dykk lese dette nøye.

De aksepterer vedtatte vilkår ved å ta imot tilskotet.

Dersom vilkår og rapportering ikkje blir følgd opp, kan tilskotet bli kravd betalt tilbake. Manglande rapportering vil føre til at det ikkje blir tildelt ytterlegare tilskot.

Med helsing

Heidi-Iren Wedlog Olsen
kulturdirektør

Petter Jensen
rådgivar friluftsliv

Brevet er elektronisk godkjent og signert.

For utbetaling: 600 000 kroner (når godkjent rapportering er mottatt)
Beløpet skal rekneskapsførast på budsjettpost 14701.50000.57.7160.1194 (fond 25150608, KG 23250560) og overførast bankkonto 3991 07 81727, org nr. 939760946

Som mottakar av tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune, aksepterer du at følgjande vedtatte vilkår ligg til grunn for tilskotsgjevinga:

- Det skal gå fram av program, informasjonsdokument, rapportar og liknande at det er motteke tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. **Logo for Møre og Romsdal fylkeskommune finn ein på www.mrfylke.no.**
- Det er eit krav om føring og revisjon av rekneskap i organisasjonar og institusjonar som mottek tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Det skal gå fram av årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er motteke tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

I tillegg gjeld følgjande føresetnader for denne tilskotsordninga:

- Eventuell anleggsbygging skal handsamast på vanleg måte ved å innhente løyve etter PBL, kulturminnelova og liknande lovverk.
- Det er eit vilkår at tiltaket ikkje kjem i konflikt med grunneigarinteresser, naturverninteresser eller kommunale planar.
- Rekneskapsbilaga skal oppbevarast i minst 10 år etter at rekneskapen er avslutta, jf regnskapsloven § 2-7.
- Etter Stortinget sitt bevilgningsreglement § 17 kan tilskotsforvaltar og Riksrevisjonen kontrollere at tilskotet blir nytta etter vilkåra.

Rapportering

1. Vi ber om at du sender skriftleg tilbakemelding innan **01.06.20** om tiltaket kan setjast i verk i år. Tilbakemeldinga kan sendast på e-post til post@mrfylke.no. Tiltaket må vere innarbeida i forvaltningsplana for området, og denne må vere godkjent av Fylkesmannen eller fylkeskommunen.
2. Sluttrapportering sender du inn gjennom elektronisk søknadssenter: <https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/Default.aspx>.
3. Fristen for sluttrapportering er **15.12.2020**

OBS! Rapporteringsskjema må vere fullstendig utfylt for at rapporteringa skal bli godkjent.

Utbetaling

Tilskotet vil bli utbetalt når punkt 1 under rapportering er oppfylt.

Om klageadgang

Dette vedtaket kan påklagast innan tre-3-veker frå den dagen dette brevet har kome fram, jf forvaltningslova kap IV, §§ 28 og 29. Klageinstans er Miljødirektoratet. Ei eventuell klage skal grunngivast og sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 Molde eller post@mrfylke.no.